



VESTNES KOMMUNE

Servicekontoret

Særutskrift – Melding om vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 Molde

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
27.06.2018		11493/2018	2016/997	Silje Beate Sylte 71 18 40 43

Uttale frå Vestnes kommune ved søknad om grensejustering mellom Vestnes og Rauma kommunar

Vestnes kommunestyre gjorde i sak 44/2018 den 21.06.2018 slikt vedtak:

1.

Vestnes kommunestyre viser til eitt av måla for kommunereforma, «*Ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling*», der det er påpeika at kommunegrensene i større grad skal tilpassast naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar, såkalla «kvardagsregionar». Dersom innbyggjarane i Vågstranda/Hjelvikområdet opplever at deira kvardagsregion er nærmare knytta til Vestnes, er Vestnes kommunestyre positiv til at dei kan bli innbyggjarar i Vestnes kommune ved gjennomføring av ei grensejustering.

2.

Vestnes kommunestyre er difor positivt innstilt til ei grensejustering av grunnkrinsane Hjelvik og Våge frå Rauma kommune til Vestnes kommune.

Heile behandlinga av saka kan lesast nedanfor.

Helsing

Silje Beate Sylte
konsulent arkiv

Kopi til:
Rauma kommune Vollan 8A 6300 Åndalsnes

Postadresse:

Rådhuset
6390 Vestnes

www.vestnes.kommune.no

Telefon:

71 18 40 00

Telefaks:

71 18 40 01

Org.nr.

939 901 965

E-post: postmottak@vestnes.kommune.no



VESTNES KOMMUNE

Saksframlegg

Arkiv: 002
Arkivsaksnr.: 2016/997
Saksbehandlar: Tone Roaldsnes
Dato: 23.05.2018

Uttale frå Vestnes kommune ved søknad om grensejustering mellom Vestnes og Rauma kommunar

Utval	Møtedato	Uttalssak
Formannskapet	04.06.2018	51/2018
Kommunestyret	21.06.2018	44/2018

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.06.2018

Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande innstilling:

1.

Vestnes kommunestyre viser til eitt av måla for kommunereforma, «*Ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling*», der det er påpeika at kommunegrensene i større grad skal tilpassast naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar, såkalla «kvardagsregionar». Dersom innbyggjarane i Vågstranda/Hjelvikområdet opplever at deira kvardagsregion er nærmare knytta til Vestnes, er Vestnes kommunestyre positiv til at dei kan bli innbyggjarar i Vestnes kommune ved gjennomføring av ei grensejustering.

2.

Vestnes kommunestyre er difor positivt innstilt til ei grensejustering av grunnkretsane Hjelvik og Våge frå Rauma kommune til Vestnes kommune.

Avrøysting:

Innstillinga frå administrasjonssjefen vart samrøystes vedteken.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 21.06.2018

Vedtak:

1.

Vestnes kommunestyre viser til eitt av måla for kommunereforma, «*Ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling*», der det er påpeika at kommunegrensene i større grad skal tilpassast naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar, såkalla «kvardagsregionar». Dersom innbyggjarane i Vågstranda/Hjelvikområdet opplever at deira kvardagsregion er nærmare knytta til Vestnes, er Vestnes kommunestyre positiv til at dei kan bli innbyggjarar i Vestnes kommune ved gjennomføring av ei grensejustering.

2.

Vestnes kommunestyre er difor positivt innstilt til ei grensejustering av grunnkrinsane Hjelvik og Våge frå Rauma kommune til Vestnes kommune.

Avrøysting:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Administrasjonssjefen si innstilling

1. Vestnes kommunestyre viser til eitt av måla for kommunereforma, «*Ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling*», der det er påpeika at kommunegrensene i større grad skal tilpassast naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar, såkalla «kvardagsregionar». Dersom innbyggjarane i Vågstranda/Hjelvikområdet opplever at deira kvardagsregion er nærmare knytta til Vestnes, er Vestnes kommunestyre positiv til at dei kan bli innbyggjarar i Vestnes kommune ved gjennomføring av ei grensejustering.
2. Vestnes kommunestyre er difor positivt innstilt til ei grensejustering av grunnkrinsane Hjelvik og Våge frå Rauma kommune til Vestnes kommune.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Vågstranda Vel søkte i brev til Fylkesmannen av 27.juni 2016 om grensejustering mellom kommunane Vestnes og Rauma. Vedlagt søknaden er ei underskriftsliste som støtta søknaden.

Den 3.oktober 2017 mottok Vestnes kommune brev frå Fylkesmannen vedk sak om grensejustering. Her opplyste Fylkesmannen at departementet og Fylkesmannen ville prioritere saksutgreiing av grensejusteringar som involverer kommunar som skal slå seg saman. Behandling av sak om grensejustering mellom Rauma og Vestnes vart difor sett på vent.

Den 18.mai 2018 mottok Vestnes kommune nytt brev frå Fylkesmannen. Fylkesmannen ber kommunane Vestnes og Rauma om ein uttale i saka før vidare saksutgreiing av søknad om grensejustering. Frist for uttale er sett til 1.juli 2018.

Tidlegare vedtak:

I samband med kommunereforma gjorde alle kommunar i landet vedtak om kommunen skulle slå seg saman med andre kommunar eller stå åleine.

I samband med dette gjorde Vestnes kommunestyre følgjande vedtak i sak 68/2016 den 22.juni 2016

(pkt 1 i vedtaket) :

«På grunnlag av lokalpolitiske prosessar og innbyggjarhøyringar vedtek Vestnes kommunestyre at Vestnes skal halde fram som eigen kommune med moglege grensejusteringar.»

Kommunestyret var på dette tidspunkt kjent med initiativet til Vågstranda Vel.

Heimel for grensejusteringar:

Lov om fastsetjing av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) gir heimel for deling, samanslåing, grensefastsetjing og grensejustering.

I §3 i lova heiter det:

«Grensejustering inneber at eit område blir flytta over frå ein kommune til ein annan, eller frå eit fylke til eit anna. På same måten blir det rekna når ein heil kommune blir flytta over til eit anna fylke. Departementet kan fastsetje at endring av grensene til eit område skal behandlast som ei grensejustering, dersom området har ein mindre del av innbyggjarane i ein kommune eller eit fylke som skal leggjast til andre kommunar eller fylke etter andre ledd bokstav b.»

Om saksbehandlinga seier regjeringa følgjande på sine nettsider:

«Innbyggere, grunneiere, registrerte næringsdrivende og kommunestyrene i de berørte kommunene kan ta initiativ til grensejustering. Søknaden skal være skriftlig og begrunnet, og må inneholde forslag til nye grenser. Søknaden skal sendes til fylkesmannen for det aktuelle området, som så snart som mulig skal orientere de berørte kommunene om initiativet. Initiativet skal deretter oversendes Kommunal- og moderniseringsdepartementet som avgjør om grensejusteringen skal utredes (med unntak av mindre saker med enighet mellom de berørte kommunene, som fylkesmannen håndterer i sin helhet).

Det er fylkesmannen for det aktuelle området som får i oppdrag å utrede grensejusteringen. De berørte kommunene skal bidra til og uttale seg om fylkesmannens utredning. Det bør også kartlegges hvordan innbyggerne i det aktuelle området stiller seg til forslaget om grensejusteringen.

Det er Kommunal- og moderniseringsdepartementet, eller fylkesmannen (i mindre saker der det er enighet mellom kommunene om løsning), som avgjør saker om grensejusteringer, etter fullmakt fra Kongen.»

Måla i kommunereforma:

Eitt av dei mest sentrale måla i kommunereforma er:

«Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling»

«Kommunesektoren skal bli i bedre stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal bedre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal og regional utvikling i alle deler av landet både

når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasses naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner»

(Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2013 – 2014).

Opplysningar om Vågstranda og om tilknytning til Vestnes:

Vågstranda Vel har grunnlagt ønske om grensejustering med følgjande hovudpunkt:

Tresfjordbrua vart opna i 2015. Køyretida frå Vågstranda til Vestnes sentrum er dermed mykje kortare enn til Åndalsnes. Resultat av dette er at innbyggjarane i større grad handlar i Vestnes, søker offentlege tenester i Vestnes og i langt større grad pendlar til arbeid i Vestnes.

Kommentar/opplysningar frå administrasjonssjefen si side:

Pendling:

I 2014, FØR Tresfjordbrua vart opna, vart det 69 personar som pendla frå Rauma til Vestnes. I 2017 var dette talet auka til 96 personar. Det går ikkje fram av tilgjengelege statistikkar om desse pendlarane i hovudsak kjem frå Vågstranda.

Den same auken finn ein ikkje motsett veg.

Det går også fram av statistikken at 62 personar pendlar til Ålesund frå Rauma, medan 251 personar pendlar frå Rauma til Molde. Ein kan anta at innbyggjarar frå Vågstranda som pendlar til Molde, reiser via Vestnes.

Fastlege:

Pr i dag har 195 innbyggjarar frå Rauma fastlege i Vestnes. Leiar for legesenteret anslår at 175 av desse kjem frå Vågstranda (Det er 420 innbyggjarar i Hjelvika/Vågstranda).

Grunnskule:

Det er pr i dag 41 elevar ved Vågstranda skule. Det har vore nokre henvendingar om å få gå på skule i Vestnes sentrum, men førebels er det ikkje inngått slike avtalar. Ved Vike Montesorriskule i Vestnes er det pr i dag 5 elevar frå Hjelvik/Vågstranda.

Barnehage:

Ved Vike Montesorribarnehage i Vestnes er det pr i dag 1 barn frå Vågstranda. Ytterlegare 2 born søkte om plass frå hausten 2018, men fekk avslag då dei bur i Rauma kommune. Det har tidlegare år vore noko fleire born frå Rauma i barnehage på Vike.

Vestnes vaksenopplæring:

Vaksenopplæringa har ein deltakar frå Vågstranda med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnsfag etter avtale med Rauma kommune. Fleire har ønska å gå i Vestnes, men Rauma har ikkje godkjent fleire av dei med rett og plikt. Betalingselevar frå dette området tar av og til kontakt med Vestnes med ønske om deltaking på kurs.

Vurderingar vedk utmarkressursar:

Jord- og miljøansvarleg i Vestnes kommune er samd i vurderingane frå Vågstranda Vel

vedkommande utmarksressursane. Dersom ein t.d. ser på ein av dei viktigaste utmarksressursane våre, hjort, er det ikkje unaturleg med ei felles forvaltning mellom Vågstranda og Daugstad/Vike. Ein kan heller ikkje sjå at ei endring av kommunegrense skal få negative konsekvensar for andre brukarinteresser i område.

Vurdering:

Det er svært kort høyringsfrist for uttale. Det gjer at administrasjonssjefen berre har innhenta opplysningar som er enkle å få tak i.

Det er såleis ikkje gjort vurderingar om plassforholda i grunnskulen i Vestnes, eller om korleis dette har innverknad på skulestrukturen. Det er p.t. ei skulenemnd i arbeid i Vestnes. Denne nemnda har endå ikkje gitt si innstilling til kommunestyret, og det er såleis høve til å ta vurderingar kring Vågstranda med i vidare skuleplanlegging.

Det er heller ikkje gjort noko vurdering av kva verknad framtidig auke i innbyggartalet over 80 år vil få ved ei grensejustering. I planane for det nye helse- og velferdsenteret er det 64 plassar. Av desse er 32 institusjonsplassar og 32 omsorgsbustader. Bustadene er nesten heilt like. Det er i planlegginga teke høgde for at alle plassane i det nye bygget kan gjerast om til institusjonsplassar og at evt auka behov for heildøgns plassar kan supplerast ved bygging av fleire omsorgsbustader. Dette må evt utgreiast på breiare grunnlag. Det same gjeld utvidinga av heimebaserte tenester.

Nye samferdsleløysingar kan i framtida i stor grad endre innbyggjarane sin «kvardagsregion». I kommunereforma er det eit poeng at innbyggjarane sin kvardagsregion også skal vere med å gi føringar for kommunegrenser. Om dette momentet skal vege tungt i denne saka blir det opptil Fylkesmann og departement å vurdere.

Særutskrift til:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Rauma kommune

Vedlegg:

- 1 Brev frå fylkesmannen:
Søknad om grensejustering mellom Vestnes og Rauma kommunar - innbyggjarinitiativ - Vågstranda vel
- 2 Vedlegg (brev frå Vågstranda Vel, samt underskriftslistar)